

Bygdelaga uroa - Uskedalen ein av dei

10.10.2011



Den nye koalisjonen: Synnøve Solbakken, Ole Torbjørn Holmedal, Knut Prestnes og Gunnar Røssland (Foto: Kristian Hus)

I kveld legg den nye koalisjonen fram det politiske programmet sitt og 9 bygdelag gjev i ei uttale uttrykk for at dei er uroa over situasjonen. Uskedalen Utvikling ved leiar Asbjørn Olsen er ein av underskrivarane.. Det heiter i uttala at skal kommunen koma på offensiven og vidareutvikla seg, må vi stå saman og fokusera på heile kommunen.

Det heiter og at når makt og posisjonar er viktigare enn politikken ein står for, er ikkje lenger dei demokratiske spelereglene så viktige. Bygdelaga meiner at den nye koalisjonen har viska ut politiske skiljeliner.

Dei er uroa over at vi no har fått eit fleirtalsregime som nesten utan unntak har med representantar frå berre ein liten del av vår langstrakte kommune.

Skal Kvinnherad vidareutvikla seg treng kommunen livskraftige bygder Sentralisering av oppgåver i ein geografisk utfordrande kommune som vår med dårlige komunikasjonar og store avstandar, er ikkje utan vidare vegen å gå.

Husnes er rett nok den mest folkerike delen av kommunen, men i sentraliseringdebatten må ein ikkje gløyma dei mange sterke bygdemiljøa.

Svært mykje av verdiskapinga skjer i bygdene og fleire av dei fremste verksemndene ligg der, påpeikar bygdelaga.  
 - Vi er mange som vil følgja fleirtalspartia med argusauge dei nærmaste 4 åra og ser spesielt fram til å høyra kva politikk fleirtalet vil føra for å skapa samhald og samarbeid mellom bygdene, held bygdelaga fram.

Av Ola Matti Mathisen